



ÅRSMELDING 2014

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett E. Leifsen (nestleiar), Venke Jonassen (sekretær), Tone Helen Haugland (kasserar), Anja Våg Skjold (styremedlem), Even Opsal (varamedlem) og Knut Helge Skjold (varamedlem). Lyd – og lysansvarlege Svein Bjarte Holten (lyd) og Daniel Roda (lys).

Styret har hatt virtuelle møter via lukka Facebook-gruppe ca 1 g/mnd. Det har fungert veldig godt.

Hovudmålet til styret for året 2014 var, som i fjor, å skaffe nok pengar til vår avtalte støtte til idrettshallen i Vikedal. Styret gjorde i 2011 eit vedtak at me i fire år, fra 2012, skal støtte årlig med 25.000,- til drift av hallen. I tillegg gav Vikedal Ungdomslag 50.000,- i gåve til bygginga av hallen. Me har eitt år igjen av denne avtalen.

For å skaffe desse pengane arrangerte V.U.L, tradisjonen tru, musikalsk kulturkveld 11. april, i samarbeid med vårt eminente revyband Port Salutt Band. Det var eit vellukka arrangement som gav gode pengar til V.U.L kassen, ca. 15.000 kr.

Under Sommarfestivalen i Vikedal arrangerte V.U.L også dette året barne – og ungdomsdisko på Vikedal Bygdahus. Dette var eit kjekt arrangement, det gav gode pengar i kassen, ca. 4.200 kr.

I tillegg til desse arrangementa har V.U.L leigd ut anlegget til ulike arrangement. Dette gir også trygge og gode inntekter til laget. Av arrangement kan nemnast motorstevner NMK Vikedal, Ølmedal Rundt, 4H fest, juleball, juletefest, karusellrenn Fjellstøl og ulike andre arrangement. Me leigde ut anlegg med fire personar til KORE´ Vindafjord sine konsertar i Skjold og Vikedal (”Norsk på Norsk”). Me fekk ei inntekt på heile 10.000 kr for dette. Takk til Svein Bjarte Holten, Daniel Roda, Leif Kåre H. Sigmundstad og underteikna for god innsats her.

V.U.L har søkt og fått desse midlane:

- Frifondmidlar: 15.636 kr.
- Driftstilskot Vindafjord kommune: 10.000 kr
- Mva kompensasjon: 2.920 kr.

Vikedal



ungdomslag

...for ei aktiv bygd!



Grasrotandelen har gitt oss heile 5.040 kr. Det er veldig bra, framleis kan me nok få fleire til å velja VUL som Grasrotandel når dei tippar.

Musikkloftet har fungert som øvingslokale for Port Salutt Band og til andre sporadiske musikkprosjekt.

Som største andelseigar i Vikedal Bygdahus stilte V.U.L med 5 representantar på årsmøtet i Vikedal Bygdahus 5. mars 2015.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt år.

Takk for i år!

15.03.15

Nils Erik Eide

Leiar Vikedal Ungdomslag

www.vikedal-ungdomslag.no

www.facebook.com/vikedal.ungdomslag

Postboks 13, 5586 Vikedal
Mobil: 98 28 68 72
E-post: nils.erik@haugnett.no

Kontonr: 3244 05 20501
Org.nr: 984 039 883
www.vikedal-ungdomslag.no